

Tankar bak minnesmerket over Anders Sandvig

Foredrag på Gudbrandsdalsseminaret 01.02.2012
RAM arkitektur as v/ Bjørn Horten sivilarkitekt MNAL

KONKURRANSE

Styret for Maihaugen inviterte vinteren 2011 til konkurranse om utføring av minnesmerke over Anders Sandvig. Dette var ei folkegåve til Maihaugen i samband at det i 2012 er 150 år sidan grunnleggjaren vart fødd.

Formålet med konkurransen var å oppføre eit minnesmerke som skulle symbolisere dei idear og visjonar som Anders Sandvig arbeidde for ved etableringa av Maihaugen, og som skal vidareførast i formidlinga i dagens museum. Minnesmerke skulle syne visjon, verdiar og mål for Maihaugen. Visjonen for Maihaugen er: "Vi bygger framtidens museum". Verdiar er: "Modig, ekte og engasjerende" og målet er at "Vi skal være Norges ledende museum med vekt på håndverk og formidling". Minnesmerke burde ha ein storleik som skulle harmonere på ein naturleg måte med omgivnadene. Utforminga skulle vera i eit varig materiale og skulle plasserast i inngangspartiet på Maihaugen. Til slutt var det opplyst i konkurranseprogrammet at samla kostnader for oppføring av minnesmerket skulle koste kr. 700.000 (eks. mva.).

22 utkast frå inn- og utland vart levert anonymt til konkurransen. Juryen valde forslaget "Gjengang" utarbeidd av RAM arkitektur til vinnar. RAM arkitektur er eit arkitektkontor på Lillehammer som vart etablert i 2004 og som per dato består av åtte sivilarkitekter. Dette er første gongen vi har delteke i ein konkurranse for både kunstnarar og arkitekter. Bakgrunnen for vår interesse i denne konkurransen var nok at den hadde lokalt utspring og at vi kjende såpass godt til Maihaugen. Vårt arbeid med konkurransen var intens og gjekk føre seg over ei fjortendagars periode rett før fristen for innlevering. Som alle viktige og større oppgåver på kontoret var også dette arbeidet eit fellesprosjekt for heile kontoret, men det var sivilarkitekt Sam Hughes og arkitektstudent og praktikant Adrian Lombardo som var mest involvert i oppgåva.

KONSEPT

I våre første tankar omkring minnesmerket var det særleg to forhold vi var opptekne av. Personen Anders Sandvig skulle vere synleg i minnesmerket og utforming og plassering skulle bidra til at inngangen til Maihaugen skulle bli meir tydeleg. Lillehammer har frå før Anders Sandvig som statue på Stortorget og som byste i inngangen på Maihaugen. Begge viser ei eldre utgåve av mannen. Vi meinte derfor det nå var riktig å vise ein ung og vital Sandvig som symbol på den åndelege krafta, ideane og visjonane hans. Vi meinte også at det ville vere feil å lage enda ein klassisk statue av personen.

Vår innfallsvinkel til oppgåva er prega av RAM sin arkitektfaglege ballast. Vi opplever inngangen til Maihaugen som noko tydeleg. For utaførståande, som kjem til fots eller med bil, er det ikkje opplagt kor inngangen til anlegget er. Vi fann derfor tidleg ut av vi burde ha eit langstrakt, kraftfullt signalelement som definerte landskapsrommet og ga retning til inngangen. Installasjonen burde ikkje berre vere synleg i ved sjølv inngangen, men også frå vidare omkring i området. Vår plassering var i strid med føresetnader for konkurransen som viste plassering av minnesmerket på eit avgrensa område i dagens firkant med såtegran til høgre for inngangen. Den stramme, slutta formen med vertikale liner og den tydelege dimensjonen på minnesmerket vil etter vår mening kommunisere godt med den modernistiske hovudbyggingen frå 1949 av arkitektane Geir Grung og Sverre Fehn med sin karakteristiske horisontale lineføring, og også med Garmokyrkja med sin karakteristiske vertikalitet.

Skigarden er kanskje blant dei eldste kulturikona vi har. Den er mykje brukt i Gudbrandsdalen og den finst også på Maihaugen. Prinsippet med lange staurar som parvis er sett i bakken kan overførast til konstruksjonen av minnesmerket.

Konkurranseutkastet bestod av totalt 55 stålsøyler i to rekkjer med ein avstand på 1,2 meter. Høgde på søylene varierer frå ca. 3 til 6 meter og samla lengde på monumentet var ca. 14 meter. Kvar søyle er av 12 mm

stål, er bøygd som ein L i horisontalplanet med ei rett vertikal side og ei vertikal profilert side. Alle stålsøylene med profil gjer at ansiktet til Anders Sandvig blir synleg med standpunkt minst 40-50 meter unna minnesmerket, og i tillegg må ein stå i bestemte vinklar mot monumentet for å kunne sjå portrettet. Best vil ein sjå ansiktet når ein står 90 grader på og med størst mogleg avstand. Slik sett vil plataet ved Garmokyrkja, med avstand på ca. 140 meter, vere den optimale plassen å sjå på portrettet. Det er også meininga at ein skal sjå Sandvig når ein kjem med bil på Maihaugvegen frå sør og nord. Frå nord vil altså ansiktet vere spegelvendt til originalbiletet. Det mest fasinerande i opplevinga av minnesmerket vil kanskje likevel vere at portrettet blir synleg og borte att med jamne mellomrom etter som ein flytter seg på langs av installasjonen. Denne opplevinga får ein særleg når ein går ut søre inngangen frå vestibulen og mot Garmoskyrkja. Symbolsk vil Anders Sandvig alltid vere til stades på Maihaugen sjølv om du ikkje ser han. Han vil må ein måte alltid "sitje i vegg" på museet han grunnla. Vi trur også at denne eigenskapen ved minnesmerket vil aktivisere publikum og gjere folk nysgjerrige, noko som eigentleg understrekar Anders Sandvig sin grunnide om å drive Maihaugen som eit levande museum.

Opplevinga av installasjonen på nært hald vil vere prega av abstrakt form, rom, målestokk, detaljar og materialitet. Men vi trur at nettopp den veldig ulike nær- og fjernverknaden av minnesmerket vil vere eit viktig spenningsmoment i totalopplevinga av installasjonen. For oss er det viktig at stålsøylene skal "vekse" direkte opp av betongsteinen på bakken.

Teknikken med å lage bilete av striper er ikkje ny. Kinetisk kunst og optisk kunst, som hadde si glansperiode på 1960-talet, eksperimenterte m.a. med optiske effektar i todimensjonal lineføring i svart-kvitt kontrast, og også med korleis to sjikt eller system av former kunne skape rørsle ved hjelp av tilskodaren si eiga vandring framfor kunstverket. Den fremste representanten for denne kunstretninga var den ungarsk-franske kunstnaren Victor Vasarely (1908-1997). Han studerte korleis auget og hjernen arbeidde saman og var oppteken av "å lure publikum til å sjå noko som eigentleg ikkje er der", dvs. å skape ein optisk illusjon. Vasarely sin kunst var både ein eksakt vitenskap om den menneskelege persepsjonsevna og ei dekorativ og estetisk oppleving som triggjar vår fornuft og jakt etter logikk. Det er nesten slik at du kan bli irritert over aldri å skjønne kva som skjer framfor augo dine.

Portrettet er ved hjelp av digital fotobehandling abstrahert i vertikale linjer. Den relativt omstendelige prosessen startar med å leggje vertikale striper over fotoet av Anders Sandvig før det blir vidare bearbeida og abstrahert i fleire etappar. Det er verdt å nemne at Vasarely var så tidleg ute at han gjorde dette arbeidet manuelt utan datamaskin. Dei to rekkjene med stålsøylar har samanfallande stripebreidde som utgangspunkt. Den fremste rekkja har ein supplerande profil til den eine sida og den bakre har ein profil til motsett side. Avstanden mellom dei to rekkjene gjer at portrettet dukkar opp og blir borte etter som ein bevegar seg rundt installasjonen. Denne avstanden er bestemt ut frå kvar vi ønskjer at folk skal sjå portrettet tydeleg. Likeeins er formatet og utsnittet av portrettet nøye vurdert for få eit tydeleg portrett og spenning i komposisjonen. Utforming av pupillane har vore studert spesielt nøye. Den sterke kontrasten mellom skjortesnipp og skjegg, samt mellom bart og ansikt, var også ein av grunnane til at vi valde akkurat dette portrettet av Sandvig. Minnesmerket kan seiast å fungere på fleire nivå. Med si abstrakte form og sitt konkrete portrett blir den både abstrakt og nonfigurativt, men likevel overraskande figurativt.

Hovudbygningen i betong utgjer ein sterk og provoserande kontrast til tømmerbygningane i friluftsmuseet. På same måte tenkte vi at det var riktig å byggje minnesmerket med si utforming i eit ubehandla naturmaterial som kunne stå i kontrast til hovudbygningen og trebygga. Men på dette viset vidarefører ein prinsippet som har vore brukt på museet sidan Sandvig si tid om bruk av ubehandla og patinert material. Profileringa av portrettet og den smekre konstruksjonen til installasjonen krev dessutan at vi måtte ty til stål for å få den presisjonen, styrken og varigheita vi er ute etter. Kortenstål er stål som rustar seint. Etter ei viss tid sluttar rusteprosessen slik at materialet ikkje blir øydelagt. Kortenstål er tilsett kopar, fosfor, nikkel og krom for å få desse eigenskapane. Materialet er etter kvart mykje brukt i utandørs installasjonar og byggverk og er t.d. brukt i stasjonane for Nasjonale Turistveg over Sognefjellet som er teikna av Jensen & Skodvin arkitektkontor. Informasjonstavlene ved Lom stavkyrkje og rasteplassen ved Vågavatnet er eksempel på dette.

GJENNOMFØRING

Godt og vel siste halve året har RAM arkitektur arbeidd vidare med utforming og starta gjennomføringa av prosjektet. Originalen som skal oppførast er så seie heilt lik med konkurranseutkastet, men med nokre små justeringar. Vi har nå 59 stålsøylar, skjegg og skjortesnipp blir meir synleg i portrettet og avslutninga mot hovudbygget, der søylene får litt større innbyrdes avstand, er stramma litt opp.

Tiltaket er byggjemeldt på vanleg måte til Lillehammer kommune. Området har to ulike reguleringsplanar og

i samråd med kommunen fekk vi aksept for å plassere minnesmerket 4 meter unna fortauskanten til Maihaugvegen. Plasseringa har også teke omsyn til brøyting og tilkomst med bil opp til inngangen.

RAM arkitektur har jobba vidare med detaljeringa av stålet. Vi har bygd diverse fysiske modellar i tre og stål i ulike målestokkar, 1:10 til utsnitt 1:1, for å kunne studere portrett og detaljar. Vi fann tidleg fram til Ringsaker Industriservice på Moelv som samarbeidspartnar. Dei har god kunnskap om stål og avansert teknologi til å bearbeide stål. Opprinneleg tenkte vi å skjere stålet med vatn, men plasmajet er rimelegare enn vassjet og vi har enda opp med at profileringa blir gjort med plasmaskjering (bruk av ekstrem varm og ionisert gass). Alle kantar på stålsøylene skal pussast manuelt for å unngå at folk kan skade seg på skarpe kantar.

Søylene av vinkelstål må skjerast som plane flater før dei blir til vinkelstål. Vi kunne ha sveist saman to flater til vinkelstål, men har kome fram til at søylene får karakter ved å bøye dei med 3 cm radius. Ringsaker Industriservice har ikkje maskineri som handterer dette i store lengder så vi har nå bestemt oss for at stålet både skal skjerast og bøyast hos Lade Metall i Trondheim før over 10 tonn med stål blir frakta til Ringsaker Industriservice for montering i modular og oppføring på Maihaugen. Kortenstålet er produsert i Thyssen i Tyskland.

Juryen nemnde i si innstilling at portrettet gav ei sjablongmessig framstilling og at dei sakna ei kunstnerisk bearbeiding av portrettet. Det som kanskje er det største spenningsmomentet for oss, er om kortenstålet vil gje nok kontrast til omgivnadene for å kunne sjå portrettet. Ideelt sett burde minnesmerket ha vore plassert i eit flatt landskap med berre hav og himmel som bakgrunn. Vi er redde for å abstrahere ansiktet for mykje slik at folk faktisk ikkje ser portrettet. Vi meiner heller at portrettet bør vere så fotografisk som råd. Den kunstneriske dimensjonen i minnesmerket ligg først og fremst i konseptet med spenninga mellom det nonfigurative og figurative. Den grå betongsteinen på bakken og betongen i bygningen vil sannsynlegvis fungere som ein god og nøytral bakgrunn for portrettet. Maihaugen har gått med på å fjerne nokre uheldig plasserte tre, rive alle flaggstengene og ei lysmast, flytte postkassa og fjerne rekkverk og trapper for å gje optimale siktforhold til minnesmerket. Vi trur kanskje at Sandvig blir mest synleg når det er som kvitast om vinteren, vel og merke så lenge snø eller rim ikkje legg seg på stålet. Ei skikkeleg skur med slagregn vil sikkert også mørkne stålet. På sommardagar med sol og kvasse skuggar vil alle søylene lage eit flott mønster på bakken og ved særskilde innfallsvinklar på solstrålane vil portrettet kome til syne på bakken. Spennande er det også om vinden vil kunne lage melodiar i den kolossale harpa. Vi ser det som eit pluss at installasjonen kan leve og endre seg med klima og årstider.

Ved montering av stålsøylene vil vi kontrollere og evt. justere at vi faktisk ser portrettet frå dei posisjonane som vi har sett for oss. Ringsaker Industriservice vil ved montering lage stålrekkjene i modular og plassere ein provisorisk mal eller kam i toppen av stålsøylene som gjer at dei blir ståande mest mogleg på geledd. Modulane blir sveist til to store flattstål på fundamentet. Rusteprosessen går raskare under bakken pga. stort fuktinnhald og også ved sveisepunkt som kan ha store indre spenningar. Det vil derfor bli plassert ut såkalla sinkgjedder eller små sinkklumpar for kvar halve meter på kortenstålet under bakken for å forlenge levetida. Dette er ein metode som er brukt på stålskrog til skip i saltvatn.

Inngangsområdet ved Maihaugen er konstant opplyst i mørke frå gatelys og Maihaugens eigen belysning. Det vil derfor vere utfordrande å få til ei stemningsfull belysning av monumentet i denne litt kaotiske lyssettinga. Belysning direkte på stålet på kveldstid vil gje eit «negativt» bilete. Vi har i denne prosessen derfor valt å utelate belysningsproblematikken og sagt at evt. effektbelysning bør testast etter at minnesmerket er oppført.

Fundamentet for minnesmerket vart fullført før jul. Det består av ei samanhengjande 16 m³ betongpute som kviler på ei 7x20 meter flate av isolasjon. Etter montasje av stålet vil det i vår bli støypt ei smal betongstripe ved kvar søylerekkje i flukt med overkant av betongsteinen på bakken. Kortenstålet vil ha avrenning av rust som vil avta med tida. Tanken er å handtere dette i ei fuge mellom betong og betongstein.

RESULTAT

Vi føler at den digitale bearbeidinga av portrettet, den nyskapande materialbruken, dimensjonen og forma på installasjonen, bruken av avansert produksjonsteknologi som vidareføring av museets handverkstradisjonar, og minnesmerket sin "skiftande framtoning" alle er gode svar på visjon, verdiar og mål for Maihaugen. Vi håpar og trur at Maihaugen vil få ein ny, mangsidig og eksponert attraksjon som kan vera med å løfte museet inn i ei ny tid. Vi er glade for folk sitt engasjement så langt i denne saka. Det hadde vore verre utan nokon form for reaksjonar. For oss har dette vore ei uvanleg, interessant og nesten uverkeleg oppgåve å arbeide med, og RAM arkitektur er svært spente på avdukinga av minnesmerke den 11. mai.

Kjelder:

Vasarely, Éditions du Griffon Neuchâtel 1965

Dreyers kunstleksikon, Dreyers forlag AS 1992

Sverre Fehn - Samlede verker, Christian Norberg-Schulz og Francesco Dal Co, Damm 2003

www.snl.no – Store Norske Leksikon

www.maihaugen.no - konkurranseprogram og juryinnstilling for minnesmerke over Anders Sandvig 2011